



Redaktør Håvard Sætrevik har motteke Målblomen av styret i mållaget, representert ved Kristian Bringedal, Gaute Lund og Lars Børge Sæberg

**Kvinnherad Mållag tildelte på årsmøtet ikveld Målblomen 2015 til lokalavisa Grenda. Styret strekar under at lokalavisene i kommunen er ein viktig del av nynorskpressa og ein integrert del av skriftkulturen og kulturarven lokalt. Sidan Aasmund Olavsson Vinje starta Dølen i 1858 og fram til idag har det kome ut 170 aviser med nynorsk som redaksjonsmål og Grenda kom ut med fyrste nummeret sitt i 1951 som ein viktig del av skriftkulturen. Frå Olav Aurvoll, via Knut Hass til dagens leingi har avisa synt vilje til å nytta nynorsk i alt skriftleg tilfang, konstaterar mållaget.**



[Lars Børge Sæberg og Magnar Hjelmeland presenterer utvandrarprosjektet.](#)

Mållaget er no eit resultat av samanslåinga av 'gamle' Kvinnherad Mållag og Husnes mållag som skjedde i april i fjor med samrøystes tilslutnad. No har laget 120 medlemmer og talet aukar. Det formelle ved samanslåinga har gått knirkefritt føre seg og arbeidet i den nye styret har vore bra heile vegen. Ein kan difor slå fast at det som vart gjort var det rette. I fjor var det SPAR Uskedalen som fekk Målblomen. Blant tiltaka var ein vervekampanje og ein bokkveld. Laget har laga facebookside og har jamn aktivitet der. Det har vore arbeidd med å få betra målbruken i næringslivet og lysingar, mellom anna gjennom språkhjelp, også til enkeltverksemder.

Kristian Bringedal er attvald som leiar for eit nytt år.

Eit svært interessant innslag i årsmøtet var ein presentasjon av eit prosjekt som handlar om utvandringa til Amerika frå Omvikdalen og som no er igang. Magnar Hjelmeland og Lars Børge Sæberg kunne opplysa at det har kome langt men det er ikkje teke noko avgjerd om korleis publiseringa skal skje.

Truleg var det 250 vaksne som dro over dammen frå denne bygda, men det var uskedelingen Johannes Døssland som var pioneren. Dei fyrste kom til Illinois og dei neste til Iowa før det bar vidare mot vest.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen